

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 15.02.2010
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Val av revisjonskomitè til styret**

Arkivsak
2008/64/
Styresak 026/10 B

Styremøte 18.02. 2010

Forslag til vedtak

Styret oppnemnar følgjande styremedlemmer som representantar til revisjonskomiteen til styret:

....., leiar

....., medlem

....., medlem

Oppsummering

Med bakgrunn i val av nytt styre for Helse Vest RHF i føretaksmøtet 27. januar 2010 skal det veljast ny revisjonskomitè. Revisjonskomiteen er samansett av tre styremedlemmer og er eit utval under styret med hovudfokus på styret sin kontroll og tilsynsfunksjon.

Fakta

Helse Vest RHF har sidan 2005 hatt ein ordning med revisjonskomitè. Revisjonskomiteen er eit utval under styret med hovudfokus på styret sin kontroll og tilsynsfunksjon. Ordninga er forankra i vedtak i føretaksmøtet i Helse Vest RHF 17. februar 2005. I tillegg er det gjort vedtak som er styrande for ordninga i føretaksmøta 24. januar 2006 og 25. januar 2008.

Med bakgrunn i val av nytt styret for Helse Vest RHF i føretaksmøtet 27. januar 2010 skal det veljast ny revisjonskomitè for den neste toårsperioden.

Kommentar

Gjeldande ordning med revisjonskomitè er i liten grad regulert frå eigar si side, og det har i hovudsak vore opp til den enkelte region å utvikle ordninga. Dei føringar som er blitt lagt av eigar i føretaksmøta er avgrensa til følgjande:

- Revisjonskomitèen skal ha tre medlemmer.
- Alle medlemmene av styret, også dei som er valde av og blant dei tilsette, kan vere medlemmer av revisjonskomitèen.
- Minst eitt medlem skal ha kompetanse innan rekneskap eller revisjon.

Styret i Helse Vest RHF har vedteke ein instruks for revisjonskomitèen. Instruksen blei sist revidert av styret i styremøtet 4. juni 2008, sak 067/08 B. Instruksen har i punkt 3 følgjande regulering med omsyn til val av revisjonskomitè:

- Styret velgjer tre medlemmer til revisjonskomitèen frå medlemmene i styret. Medlemmene må tilfredsstillе eventuelle krav i lov, av eigar eller i generelle krav til god verksemdstyring.
- Styret velgjer leiar av revisjonskomitèen for eitt år av gangen.

Utover dette er det ikkje gitt nærare regulering av samansetting, og det er ikkje gitt særskilte regler for fordeling kvinner/menn. Det vil likevel vere naturleg å leggje til grunn at kvart kjønn skal vere representert i komitèen.

Ei gjennomgang av korleis ordninga er praktisert i dei andre regionane viser at alle regionane har sikra representasjon av begge kjønn i revisjonskomitèen. I alle regionane er det også slik at både dei eigaroppnemnde styremedlemmene og styremedlemmene valt av og blant dei tilsette er representere i komitèen.

Helse Midt-Noreg har på same måte som Helse Vest ein revisjonskomitè på tre medlemmer. I Helse Sør-Aust er revisjonskomitèen på fire medlemmer, medan Helse Nord praktiserar ein ordning der ein i tillegg til dei tre representantane vel eitt fast møtande varamedlem.

Helse Midt-Noreg har som den einaste regionen hatt ein ordning der styreleiar også har vore leiar av revisjonskomitèen. Denne ordninga blei avvikla sommaren 2009. Som grunngeving er opplyst at dette blei opplevd som ei uheldig dobbeltrolle.